

---

Arne Tytlandsvik

## Vestlandske Skolemuseum



## VESTLANDSKE SKOLEMUSEUM

Tanken om å oppretta skolemuseum oppstod i Tyskland, og det første var det Württenbergske Skolemuseum i Stuttgart, grunnlagt i 1851. Tanken greip om seg også i Norden. Danmark fekk sitt Dansk Skolemuseum i København i 1887, og Svenska Skolemuseet vart oppretta i Stockholm i 1908.

Her i Norge vart denne saka drøfta mellom skolefolk i mange år, og fra 1908 vart det sak på landsmøtet til Norges Lærarlag. Resultatet vart at Norsk Skolemuseum vart skipa på Møllergata skole i 1921. Så kom Nordenfjeldske Skolemuseum i Trondheim i 1923 og Vestlandske Skolemuseum i Stavanger i 1925.

### **Vestlandske Skolemuseum, førebuing og skiping**

Skolen her i landet hadde no hatt ei lang og god utviklingstid. På landsbygda starta den organiserte skolen som omgangskole. Det var få skolehus og svært lite av bøker og hjelperåder ellers. Men etter kvart vart det bygd skolehus, og tilgangen på høvelege undervisningsmidlar var sterkt aukande. Den tekniske utviklingen gjorde at det no kom mange nye hjelpemiddel i bruk i skolen. Det førte til at dei gamle vart bytta ut og kasta.

Den pedagogiske utviklingen i skolen gjekk og raskt framover, og det førte til at skoleverket vart omskapt innafrå. Dette var sjølvstøtt ei ynskjeleg utvikling. Men det var en del skolefolk som gjerne ville ta vare på utstyr frå den skolen



Tre pionerer ved Skolemuseet



Museumsbesøk med Jan Selvikvåg

som hadde vore, slik at utviklingen på dette området i samfunnet kunne visast for komande slekter.

Her i Rogaland var det lærar og seinare skoledirektør Johan Gjøstein, som målbar tanken om eit skolemuseum. Han tok denne saka opp i Stavanger skolestyre alt i slutten av 1890-åra. Skolestyret viste velvilje, og det var tillaup til å samla inn ting frå skolane, men det vart ikkje oppretta noko skolemuseum då.

Tanken om eit skolemuseum vart likevel halden varm. Rogaland lærarlag hadde denne saka oppe på årsmøta sine alt frå 1902, og på årsmøte i 1903 innleia Johan Gjøstein om emnet «Opprettelse av et skolemuseum». Det vart gjort forsøk på skiping av skolemuseum frå det haldet, men det vart ikkje noko konkret resultat då heller.

Men det var einskilde personar som ikkje kunne la tanken på eit skolemuseum gå frå seg. Ein av dei var lærar Ommund Lunde ved Nylund skole i Stavanger. Han hadde på eiga hand samla ein del ting, men skulle det verta ei større samling, måtte arbeidet verta teke vare på av eit museum. Lunde tok saka opp med formannen i Stavanger skolestyre, Ludvig Skaar. Han greip ideen, og skolestyret vedtok at det skulle veljast ei nemd som skulle førebu saka.

Denne nemda gjekk så i gang med det førebuande arbeidet som skulle til for å skipa eit skolemuseum. Stavanger skolestyre stilte fritt lokale med lys, varme og reinhald til rådvelde på St. Svithun skole. Det var ein heller stor sal på 17 x 9 meter, og dermed såg husspørsmålet ut til å vera løyst for mange år framover.

Ellers gjekk ein i gang med innsamling av gamalt og nytt materiell, synfaring, montering, registrering og lignende. Det viste seg at det var interesse for tiltaket, lærarar og andre støtta til med pengar og materiellprodusentar og handlande sende utstillingsvarer.

Nemda arbeida ein del med kva namn museet skulle ha. «Skolemuseet i Stavanger» var eit framlegg. Men det syntes ikkje å vera vidfemnande nok, og så vart namnet «Sør - og Vestlandske Skolemuseum».

Seinare vart det i Agderfylka arbeidd for oppretting av skolemuseum der, og difor vart «Sør» teke bort i namnet. Frå 1937 vart museet heitande Vestlandske Skolemuseum.

Etter eit års førebuing, var ein komen så langt at Skolemuseet kunne opnast offisielt. Det vart gjort 6. juni 1925 i samband med Rogaland lærarlags årsmøte i Stavanger.

### **Den daglege drift i den første tida**

Ein måtte no organisere den daglege drifta av museet. I den første tida inntil ein hadde fått fast styringsskipnad, kom museumsnemda til å fungera som styret for museet. Arbeidet på museet var delt mellom medlemmene av nemda. Men i møte 17.02.27 vart Johs. Gill tilsett som museumsbestyrar, og i same møtet vart statuttar for museet vedtekne:

1. Å samle, ordne og oppbevare gamle ting som kan tenkes å få skolehistorisk interesse.
2. Å samle og utstille tidsmessige og tjenlige undervisningsmidler, samt gi veiledning til anskaffelse av sådant.
3. Å få i stand en boksamling av gammel og ny pedagogisk faglitteratur.

### **Arbeid med å ta vare på skolehistorisk materiell**

Første punkt i statuttene var å ta vare på gamle ting som hadde skolehistorisk interesse. Dette har vore ei av dei viktigaste arbeidsoppgåvene for museet i alle år, og er det framleis.

I løpet av dette lange tidsrommet har det vore lagt ned mykje arbeid i å samla inn og ta vare på materiell som har skolehistorisk verdi. Ein del av dette materialet kom interesserte lærare med. Noko fekk museet bod om at det kunne henta rundt om på skolane. Men styret og museumsstyrarane har og vore aktive i innsamlingsarbeidet. Dei har ved fleire høve vore rundt i fylket for å spore opp og få med seg ting som har skolehistorisk verd for museet. På den måten har mykje vorte redda for ettertida.

Utviklinga går veldig fort i vår tid. Det som til daglig er i bruk, vert etter kort tid skifta ut med nye ting, og då vert dei gamle fort borte. Det er då viktig å ta vare på gode eksemplar av inventar og hjelpemiddel medan dei enno er å få tak i. Som døme på hjelpemiddel som i vår tid har hatt kort levetid, kan ein vise til



Skolebesøk i 2007. Dramapedagogikk med barn i alle roller. Lusakåna tar månedlig lusesjekk

kopieringsutstyret. Den tekniske utviklinga har gjort at slikt er avlegs etter få års bruk. På same måten er det med datautstyret, eit hjelpemiddel som var heilt ukjent i skolen for få år sidan.

Innsamlinga av inventar og undervisningsutstyr har ført til at museet har ei heller stor samling av slikt utstyr. Det gjeld særleg plansje- og kartsamlinga.

### **Utstilling av læremiddel og inventar**

Det var ikkje meininga at museet berre skulle samla inn gammalt inventar og utstyr, og så lagra det i eit magasin. Det har heile tida vore sett på som ei viktig oppgåve å stilla dette utstyret ut slik at alle som kom innom museet, kunne sjå og gjera seg kjende med korleis skoletilhøva var før. Dei unge fekk veta korleis skolen var før deira tid, og dei eldre kunne få kjenna att mykje frå si eiga skoletid.

Dei som har hatt den daglege drifta av museet, har lagt ned mykje arbeid på denne sida av museumsoppgåva.

I dei første lovene var rett nok «stille ut» ikkje med. Ved lovendring i 1968, og ved lovendring i 1998 heiter det «utrede og formidle».

### **Utstilling av nytt materiell**

Punkt 2 i dei første statuttene hadde med «å samle og utstille tidsmessig og tjenlige undervisningsmidler, samt gi veiledning til anskaffelse av sådant».

I den første tida og i ein del år framover, såg produsentane av læremiddel og lærebøker på skolemuseet som ein tenleg plass for marknadsføring av produkta sine. Dei sende difor eit eksemplar dit etterkvart som dei kom ut. Skolemuseet fungerte som eit pedagogisk senter. Lærarar kunne då komma innom museet og sjå det siste som var å få av slike varer. Dei kunne og få rettleiing i bruken av dei. Deretter var det å få heimekommunen til å gje løyve til innkjøp. På den måten var skolemuseet med på å hjelpa fram utviklinga i skolen.

Men etter kvart fann produsentane av læremiddel andre vegar for marknadsføring av produkta sine, og museet fekk ikkje lenger demonstrasjonseksemplar gratis.

Dette gjorde at denne sida av museumsverksemda fall bort, og punkt 2 i statuttane vart teke ut i 1976.

### **Biblioteket**

Like frå starten var arbeidet med å få i stand ei boksamling av gamal og ny litteratur ei av hovedoppgåvene for museet. I dei første åra sende forlaga nye bøker til museet, men det tok slutt ut i 1970-åra. Elles har det alle år kome inn store mengder med brukte bøker. Det meste er lærebøker for grunnskolen, men det er også ein god del fra andre skoleslag, bl.a mykje frå den vidaregåande skolen.

Biblioteket omfattar ei heller stor samling av antikvariske bøker, dei eldste er frå slutten av 1600-tallet.

Situasjonen er no den at det vert gjeve ut mange fleire skolebøker enn før, og dei fleste vert bytta ut med nye etter kort tid. Dette gjer at det er vanskeleg å fanga opp alt, og denne store bokmengda krev stor hylleplass. Bøkene vart etter kvart ordna etter sine fagområde, men ikkje skikkeleg registrert av bibliotekar. Frå 1988 til 1994 var høgskolebibliotekar Elisabeth Solvig engasjert ein dag per veke til denne registreringa. Frå januar 1997 til januar 2000 har museumsbibliotekar Bente Kvame fortsett med dette arbeidet.

Kor stort omfang biblioteket har, er vanskeleg å seia før alt er registret, men eit omtrentleg tal kan vera rundt 25.000 bind. I alle høve er dette ei av dei største samlingane av skolebøker og pedagogisk litteratur som finns her i landet.

### **Utstillingar og oppsøkjande verksemd**

Den første større utstillinga vart halden i 1939. Då var det 200 år sidan me fekk den første skoleloven i 1739. Tanken på å få i stand eit større arrangement i denne samanheng, vart teke opp i styret for Skolemuseet. Ideen fengde, og ei utstillingsnemd med representantar frå lærarorganisasjonane, Stavanger skolestyre, Rogaland fylkesskolestyre, Stavanger Hjemmenes Vel og Vestlandske Skolemuseum vart vald.

Denne nemda tok på seg dette store tiltaket som dei kalla «Skolens uke», og stemnestad var Bjergsted i Stavanger. Det vart laga til utstillingar av elevarbeid, lærebøker og gamalt og nytt undervisningsmateriell.

Skolen her i landet var på den tida inne i ei rask utvikling. Me hadde fått ny skolelov i 1938, og no i 1939 kom det nye undervisningsplanar, Normalplan for landfolkeskolen og for byfolkeskolen. Det vart no lagt meir vekt på fag som kroppsøving, husstell og framandspråk. Dertil skulle samfunnet no ta på seg større ansvar for helseøkt og tannøkt for skoleelevar. I tillegg kom at alt skulle setjast inn i ei ny pedagogisk ramme. Arbeidsskoleprinsippet skulle innarbeidast.

Til å gjera greie for alt det nye som banka på skoledørene, hadde stemnekomiteen fått hit kjende skolefolk. Opningstalen vart halden av statsråd Nils Hjelmtveit. Elles var det foredrag bl.a av ekspedisjonssjef E. Boyesen, formannen i Norges Lærarlag, Erik Eide, professor Alex Brinchmann og rektor Håkon Wergeland. Det var mykje folk innom, og det heitte at over 10.000 skoleelevar såg utstillinga.

I 1978 skipa Skolemuseet til ei utstilling i Stavanger Sparekasse. Utstillinga fekk namnet «Da klokka klang, så fort vi sprang» og den viste materiell frå foreldra og besteforeldra si skoletid. Utstillinga vart sett opp av utstillingsleiar Lillian Myrvold og dekoratør Gunnar Rasmussen, begge tilsett ved Arkeologisk Museum.

I 1989 var det gått 250 år sidan skolelova kom i 1739, og utstillinga «Skolen i 250 år» vart sett opp på Stavanger Museum. Det var det hittil største arrangementet som skolemuseet hadde teke på seg, og for å få eit stort nok utstillingslokale, gjekk ein i samarbeid med Stavanger Museum. Konservator Ragnhild Ormøy hadde ansvaret for det faglege innhaldet og for tekstane i utstillinga. Lasse Skarbøvik tok seg av formgevinga, og museumspedagog Randi Skotheim var ansvarleg for det pedagogiske opplegget for skoleelevar. Museumslektor Harald Liebich fungerte som fagleg konsulent ved planlegging og gjennomføring av utstillinga.

Utstillinga fekk god plass i toppetasjen på Stavanger Museum, og den viste på ein instruktiv måte utviklinga av skolen gjennom 250 år. Det var mykje folk innom, og pågangen av skoleklassar som ville ha omvisning, var så stor at ikkje alle kunne koma med i vårhalvåret. Utstillinga vart ståande på museet heile 1989.

I tillegg til den store faste utstillinga på Stavanger Museum, vart det utarbeidd ei mindre vandretstilling om skoleutviklinga i Rogaland. Denne fekk kommunane tilbod om. Utstillinga var sett opp på 12 skjermar der bilete og tekstar viste skoleutviklinga i fylket vårt. Utstillinga vart vist i 14 kommunar, og den vart sett opp 14 dagar på kvar plass. Mange av kommunane nytta høvet til å utvida utstillinga med lokal skolehistorie.

I 1991 var Skolemuseet utstillingsplass for utstillinga «De verst stilte barna i Stavanger på 1900-1930-tallet». Dette var ei utstilling som vikar-konservator ved Skolemuseet, Dag Johannessen, bygde opp. Den viste levekåra som dei mest vanskelegstilte barna hadde i heimen, i gata og på skolen, i dette tidsrommet.

På den store riks-jubileumsutstillinga i Bergen same året, var Vestlandske Skolemuseum deltakar med «Omgangskole-stova» som eigen stand. Våren 1998 samarbeidde skolemuseet om ei utstilling på Jærmuseet. Utstillinga tok utgangs-

punkt i skolemuseet sine plansjer. Konservator og styrar Elin Trollerud utarbeidde eit tenleg undervisningsopplegg knytta til utstillinga på Jærmuseet, som elevane på Jæren vart innbedne til.

Skolemuseet har ei stor samling plansjar som illustrerer undervisningsstoffet i ymse fag. Men no er desse plansjene lite i bruk i skolen. Det har vore eit ynskje i museet å få vist delar av denne plansjesamlinga fram for allmenheten. Konservator Elin Trollerud gjorde så framlegg om å skipa til ei utstilling av kristendomsplansjer. Dette vart sett opp på arbeidsprogrammet for 1999. Det vart sett ned ein nemd med representantar frå Stavanger Bispekontor, St Svithundagane, Kristeleg Pedagogisk Forbund, Hillevåg menighet, Kvaleberg skole og Vestlandske Skolemuseum.

Hillevåg kirke vart vald som utstillingsplass, og utstillinga vart kalla «Det største underet» og den skulle og vera ein del av «jubileum 2000 i Rogaland». Det vart teke ut 60 plansjar til utstillinga. Plansjane frå det Nye Testamentet vart hengd opp i kyrkjedsalen, dei frå det Gamle Testamentet i kyrkjestova og juleplansjane i møterom/dåpssakresti. Elevar frå Kvaleberg skole saman med pensjonerte lærarar var vertskap/omvisarar, og det vart utarbeidd undervisningsopplegg for skoleelevane. Til opninga 8. oktober vart alle som på ein eller annan måte hadde medverka til at utstillinga vart skipa til, innbedne, og representantane frå kyrkja møtte med biskop Ernst Baasland i spissen. I alt var det 55 personar til stades, og den høgtidsame opninga føretok førstekonsulent ved Statens utdanningskontor i Rogaland, Siri Malmstrøm.



Skoleopplegg fra 1920-tals rommet. Elever i alle roller





Skoleopplegg fra omgangsskolen. Elever i alle roller

Utstillinga hang oppe til 6. januar 2000, og tilbod om å sjå utstillinga vart send ut til alle grunnskolane i Rogaland og til alders- og sjukeheimane i distriktet. Utstillinga var open 3 dagar i veka med tillegg av søndagene etter kyrkjetid. I samband med utstillinga var det i samarbeid med Mosaikk Forlag, Hinna (Eirik Moe), gjeve ut ei fin bok som også vart kalla «Det største underet». Boka inneheld fargetrykk av 50 av plansjane, og det er aktuell billedtekst til kvart bilete. Tilbod om å kjøpa denne serprega biletbibelboka vart send til alle kyrkjelydane i landet, og den er også til salgs hjå bokhandlarane. Boka er hittill trykt i 10.000 eksemplalar.

Utstillinga «Barnets århundre?» vart skipa i Stavanger Museum i 2000, og den vart til i samarbeid mellom Stavanger Museum og Vestlandske Skolemuseum. Samstundes var det eit ledd i markeringa av skolemuseet sitt 75 års jubileum. Den utstillinga tok utgangspunkt i Ellen Key si bok frå 1890, som heitte «Barnets århundre». Ho meinte at 1800-talet hadde vore kvinnene sitt århundre, og no var det barna sin tur til å vera i fokus. Intensjonen med utstillinga var å setja søkeljoset på om 1900-talet verkeleg var blitt barnet sitt århundre. Utstillinga var bygd opp kronologisk og delt opp i 10 års bolkar. Gjennom ymse tablå, blant anna med eit skolemiljø frå om lag 1920 og eitt i frå 1960-åra, prøvde utstillinga å setje søkeljoset på barna sin oppvekst og kvardag gjennom heile 1900-talet. Utstillinga syntte med dette den store utviklinga det har vore i barna sine oppvekstvilkår gjennom hunderåret.

Utstillinga omhandlar mest norske tilhøve. Først i siste sekvens vart situasjo-

nen i resten av verda teke med. Her var det bilete som synte barn i ulike miljø og situasjonar. Dette for å visa at tanken om barnet sitt århundre slett ikkje har slege rot i store deler av verda. Elles har skolemuseet hatt ei rad med mindre utstillingar.

### **Husrom for skolemuseet**

Då skolemuseet vart oppretta, var førebuingnemnda sjølv sagt klar over at museet trong husrom både til lagerplass for innsamla ting, og for høveleg utstillingsplass. Av Stavanger kommune fekk det då gratis husrom på St. Svithun skole. Det var eit heller stort rom, og det tilfredstilte det behovet som ein den gong hadde.

Men så fekk St.Svithun skole sjølv bruk for dette rommet, og i 1955 måtte museet flytte ut med sakene sine. Romsituasjonen var svært vanskeleg på den tida. Styret greidde ikkje å finna nye brukbare lokale, så samlinga stod nedpakka i om lag 2 år.

I mellomtida vart det arbeidd intenst for å finna ein ny lokalitet, og 21 stader vart vurdert. Til slutt vart ein merksam på 4 rom i kjellaren i den nye brannstasjonen. Her var det rett nok ikkje dagsljøs, men ellers var romma brukbare. Museet flytta inn her i 1957, og så var det å ta fatt på montering av utstillingane på ny. Her på brannstasjonen heldt museet til i 16 år, fram til 1973, då det igjen vart sagt opp.

Denne gongen gjekk det noko raskare med å finna nye lokale. No fekk museet rom i ein sidebygning på Arkeologisk museum (tidligere Frue meieri). Etter ein del ominnreiing, kunne ein installere seg der. Dette var og ein sentral stad i byen, og museet fungerte godt også der. Men så gjekk det som dei andre stadene. Etter ein del år varsla AmS oppseiing, for museet trong plassen sjølv.

Så var det å ta fatt på nye synfaringar. Storhaug og St. Svithun skolar vart sett på som dei mest høvelege stadene, men der kunne ikkje museet få plass nok. Skolesjefen i Stavanger, Arnold Jøregensen, viste då til Kvaleberg skole. Der ville det såkalla 1920-bygget verta ledig i 1985, og museet kunne rekna med å få vera der i «overskueleg framtid».

Men styret var heller skeptisk til plassering av museet der, og i årsmeldinga for 1983 såg det slik på dette tilbodet:

*Med tanke på Skolemuseets framtid og den viktige rolle det bør spille innanfor skoleverket, er det betenkelig å gjemme det vekk i en utkant av byen. Museet bør ligge i nærheten av byens andre museer og kulturinstitusjoner av hensyn til status, publikumsbesøk og faglig samarbeid med andre museer og arkiv.*

Det vart oppretta leigekontrakt med kommunen der museet fekk disponera heile huset utanom kjellaren. Huset er bygd i 1920 og er lite ombygd. De høver difor godt som tidstypisk skolehus frå den tida. Gamlestova måtte innreias på ny, men ellers trong ein ikkje føreta omfattande ominnreiing. Det meste vart pussa opp.

Eit av klasseromma i 1. etasje vart innreid og utstyrt om lag slik det såg ut då

det vart bygd i 1920. Kateterpodium kom på plass, og eit høgt gamalt kateter frå Vassøy skole vart sett inn. Museet hadde ikkje så mange gamle trepultar som ein trong her. Men ein fekk eit sett frå Kampen skole, og dei var om lag av same slaget som dei som stod i rommet frå først av.

Eit rom vart teke til naturfagrom, og det vart utstyrt med innreiing som hadde stått på Storhaug skole.

Det rommet i bygget som hadde vore handarbeidsrom, vart no teke i bruk som rom for formingsutstyr. Her har ein fått plass for ein del utstyr for faga sløyd, handarbeid og teikning. Det har og vore eit ynskje å syna korleis ein møblerte klasseromma i 1960-70 åra, og i eit rom vart det sett inn og plassert pulttypar som var vanlege på den tida.

Det meste av oppussings- og ominnreiingsarbeidet var ferdig i 1987. Og 22. mai vart det opning av skolemuseet på den nye plassen, markert med ein festdag. Det var ein fin vårdag, og om lag 40 gjester frå kommunar, fylkeskommunar, statsadministrasjon, Lærarhøgskolen og museumsinstitusjonane var samla. Også elevane og Skolekorpset ved Kvaleberg skole deltok i feiringa. Først fekk ein musikk i skolegarden, og så var det samling i gymnastikksalen på skolen. Ragnhild Ormøy leia samværet, og formannen i styret, Bjørnar Tuftedal, gav eit oversyn over skolemuseets 62-årige historie.

Etter samlinga i gymnastikksalen gjekk alle over til 1920-bygget. Det vart ringt med ei av dei gamle skoleklokkene til museet. Tidlegare skoledirektør Lars



Frå opninga av Vestlandske skolemuseet ved Kvaleberg skole

Beite, klypte så over den raude snora og opna for bygget som no skulle husa Vestlandske Skolemuseum. Etterpå vart det servert mat i 2. etasje og gjestene fekk omvisning i museet.

### **Magasin for oppbevaring av materiell**

Museet har etter kvart fått ei heller stor samling av skoleinventar og undervisningsmateriell til å ta hand om. Det vart av den grunn behov for magasinplass utafor museumsbygningen. Styret var i fleire år opptekne av dette. Denne saka løyste seg i 2002. Forsvaret hadde i ein del år hatt lagerplass for materiell i fjellet på Åmøy utanfor Stavanger. Anlegget der vart frigjeve, og musea i Rogaland fekk heile anlegget til lagerplass for sine saker.

Anlegget hadde fleire fjellhallar, og skolemuseet fekk disponera ein av dei. Tilhøva der er ideelle. Der er ikkje dagsljøs, og fuktighet og temperatur kan regulerast til det ynskjelege nivå. Ein har der fått innreiing som høver for formålet, og det er oversiktleg og lett å finne fram til ting ein ynskjer å bruka.

### **Økonomi**

Skolemuseet har aldri hatt medlemsinntekter. Drifta har vore basert på tilskott frå staten, fylke, kommunar og lærarorganisasjonar. Som det gjekk fram av vedtaket i Stavanger i 1924, rekna skolestyret ikkje med tilskott frå kommunen. Men Stavanger kommune har i alle år, som vertskommune, gitt fritt husvære til museet, og det har vore til stor hjelp. I tillegg vart det i mange år gjeve eit mindre pengebeløp.

I mange år var inntektene låge, og driftsutgiftene var då tilvarande. Som døme på kor tronge inntekstrammer museet hadde, kan ein visa til inntekstfordelinga i 1950, altså etter 25 års drift.

Tilskott fra staten	kr. 2.000,-
Norges Lærarlag	kr. 1.250,-
Norges Lærerinneforbund	kr. 500,-
Rogaland fylke	kr. 500,-
Hordaland fylke	kr. 500,-
Stavanger kommune	kr. 500,-
Einskildlag, Rogaland Lærarlag	kr. 180,-
Sum	kr. 5.430,-

Det seier seg sjølv at med denne inntektsramma, var aktiviteten til Skolemuseet sterkt avgrensa. Men det viste seg at dei som stod for drifta, hadde stort pågangsmot. Dei var viljuge til å bruka mykje av si eiga tid på dette tiltaket, og dei greidde å få mykje ut av lite.

I 1975 vart det innført ny ordning i Rogaland for dei såkalla halv-offentlege musea i fylket. Frå då av vart Vestlandske Skolemuseum ein del av Rogaland fylkes

samla museumsverksemd. Tilskottet frå kommunen, staten og fylkeskommunen vart tildelt i ein sum, og den vart kalla «tilskott etter tilskottsordningen».

Skolemuseet vart knytta nærare til fylkeskommunen også ved at budsjettet måtte godkjennast der, og ved at rekneskapen skulle reviderast av fylkesrevisjonen. Denne nyordninga var utan tvil til stor fordel for Skolemuseet, for den offentlege stønaden var no i vekst. Ein kan visa til at den var 16.500 kr i 1973. I 1975 var den på 24.300 kr for å auka beløpet til 44.400 kr i 1977. Nyordninga førte til lovendring i 1976.

§ 2 fekk no denne ordlyden:

«Skolemuseet utgjør en del av Rogaland fylkes samlede museumsvirksomhet og står under faglig, økonomisk tilsyn av fylkets museumsorgan til enhver tid».

§ 5 kom til å lyda slik:

«Skolemuseet må følge de pålegg som blir gitt for oppstilling av budsjett og regnskap og for revisjon».

### **Tilsetting av konservator**

Styret arbeidde i fleire år med å få konservator i halv stilling ved museet. Etter fleire søknader og fleire møte gjekk Kulturdepartementet i 1986 med på at Skolemuseet kom med på Statsbudsjettet med øyremerka løyving. Dermed vart økonomien betra, og det vart gjeve løyve til at det kunne tilsetjast konservator i halv stilling. Cand. Philol Ragnhild Ormøy vart tilsett. For museet var det eit godt steg i rett lei då det fekk denne ordninga. Men halv stilling fører til at mange oppgåver på museet må venta i årevis før dei vert løyste, tida strekte ikkje til.

### **Organisasjonsform**

Etter at Staten hadde overteke ein stor del av utgiftane til musea, har det vore drøfting om styringsstrukturen til dei einskilde institusjonane. For Vestlandske Skolemuseum førde dette for det første til at det gjekk over til å vera ei stifting. For det andre kom det i stand ein samarbeidsavtale med Stavanger Museum . Avtalen gjekk i korte trekk ut på at begge musea skulle yta faglege tenester til kvarandre. I samband med denne avtalen vart konservatorstillinga omgjort til heil stilling med teneste på Stavanger Museum for den andre halvdel. Dette gjorde at konservatoren fekk eit utvida og meir inspirerande miljø å arbeida i. Denne ordninga kom i stand i 1997.

Seinare har andre tilhøve kome til. I Stavangerregionen har der vore fleire mindre spesialmuseum som ikkje har vore med i den offentlege tilskottsordninga. Styresmaktene har meint at dersom desse musea skulle få offentlig tilskott, måtte dei verta ein del av det næraste regionsmuseet. Her vil det seia

Stavanger Museum. I den samanheng vart og Vestlandske Skolemuseum pålagd å føra drøftingar med Stavanger Museum om sammenslåing. Resultatet vart at Vestlandske Skolemuseum blir ein del av Stavanger Museum fra 01.01.2008.

### **Skolemuseumslaget i Rogaland**

I 1984 vart Skolemuseumslaget i Rogaland stifta. Dette laget er eit frittstående støttelag for Vestlandske Skolemuseum. Hovedoppgåva for laget er å samla inn skolehistorisk stoff, og så gjera det kjent gjennom utgjeving av ei årbok. Slik årbok har laget gjeve ut sida starten. Redaksjonsnemnda har lagt ned mykje arbeid med å samla inn skolehistorisk stoff og det har kasta ljøs over mange sider ved skoleutviklinga i fylket vårt. Skolemuseet sine årsmeldingar og reknskap er også å finna i Skoleårbøkene.

Redaktøren for årboka var frå starten og fram til 1999 rektor Kåre Dreyer Dybdahl. Han var flink til å koma i kontakt med personar som var kjende med skolehistorisk stoff, og ved sitt eige forskningsarbeid på dette området, hadde han mykje å bidra med. I same tidsperiode var Johan Lindal formann i laget og Liv Dreyer Dybdahl sekretær/kasserar.

Vestlandske Skolemuseum er takksam for det arbeidet som Skolemuseumslaget har utført. Det har på ein god måte teke opp og løyst ei viktig arbeidsoppgåve som skolemuseet hittil ikkje har hatt kapasitet til.

### **Tillidsvalde ved Skolemuseumslaget**

Formenn:

Johan Lindal	1984 – 1999
Arne Tytlandsvik	1999 – 2001
Jan Selvikvåg	2002 – d.d.

Sekretær/kasserar

Liv Dreyer Dybdal	1984 – 1999
Gunnvor Selvikvåg	1999 – d.d.

### **Litteratur og kilder**

Lunde, Ommund, Veslandske Skolemuseum 25 års melding. 1925 - 1950  
 Dybdahl, Kåre Dreyer, Vestlandske Skolemuseum 1925-1975  
 Ymse årsmeldinger for Vestlandske Skolemuseum  
 Museumsplan for Rogaland

## **The history of Vestlandske Schoolmuseum**

### *Summary*

For decades Arne Tytlandsvik has been an active participant in the operation and development of Vestlandske Schoolmuseum. In this article he sketches the different stages in the life of this museum from the opening of the first exhibition as early as 1925 until the museum became integrated into Stavanger Museum in 2008. Its main objective from the start was to collect, register and store artefacts connected with the history of schools in the region. Over the years the museum has also gathered together a large collection of schoolbooks from different decades. Before 1970 the museum had hardly any financial means to speak of, and the work of volunteers has been important from the start and until today. For many years the museum had problems finding and holding on too suitable space for exhibitions. The first exhibition of any significance was opened in 1939, in connection with the first Norwegian school law from 1739.

The number of exhibitions quickened as the museum got public money to hire a curator half time, and got its own building at Kvaleberg Skole from 1985. The first permanent exhibition in the new building was opened in 1987. Even though public funding has increased a lot during the last two decades, Vestlandske Schoolmuseum has never been able to have employees full time on the payroll. When the Norwegian museum reform got under way in earnest after 2000 it was to be expected that this museum would be asked by the authorities to find a merger solution with a larger museum in the city, and since it already had a long working relationship with Stavanger Museum this solution was to be expected.